



HØGSKULEN I VOLDA
Volda University College

Nyhendebrev nr. 18, 19. mai 2023

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.

Redaktør: Rektor Johann Roppen, johann.roppen@hivolda.no.

[Tidlegare nyhendebrev og side for påmelding til nyhendebrevet.](#)



Stella Mililli disputerer ved NTNU 2. juni

[Høgskulelektor Stella Mililli](#), AHL/Engelsk, disputerer ved NTNU 2. juni ved NTNU i Trondheim. Avhandlinga har tittelen "YA Refugee Literature as Sustainable Pedagogy: Ethics and Affect in the English Classroom.". Kommissjonen har omtala avhandlinga slik: "This is an excellent dissertation on the pedagogy of refugee narratives in the Norwegian school system." "The thesis is empathetic, compassionate, responseable, and constitutes an important contribution to its transdisciplinary fields." Disputasen blir også tilgjengeleg via Zoom



Høgskulen i Volda vann oppdrag frå Medietilsynet

Høgskulen i Volda har vunne fram i ein tilbodskonkurransen for Medietilsynet. Oppdraget går ut på å gjennomføre innhaldsanalysar av nyhende- og aktualitetsmedia. Innhaldsanalysane skal blant anna brukast til å vurdere media i samband med søknader om mediestøtte og i samband med Medietilsynet sine vurderingar av mangfald i norske media. Prosjektleiaren er [dosent Lars Julius Halvorsen](#), ASH, som i fleire år har leia liknande oppdragsprosjekt for Medietilsynet. Prosjektet varer i utgangspunktet i 2 år, men kan forlengast til 4 år.

LES MEIR

LES MEIR

Studium og studentliv

Rekord: 337 lærarar har fått plass på vidareutdanningar

Heile 337 lærarar har fått plass på dei 20 vidareutdanningane som Høgskulen tilbyr for lærarar. Det er heile 110 fleire enn i 2022, og er også fleire enn nokon gong tidlegare. Og endå kan det bli fleire fordi det er framleis er nokre ledige plassar. Det er spesialpedagogikk og programmering som er dei mest populære tilboda der dei 50 plassane vart raskt fylt opp. [Les meir på nettsidene våre](#).

Fadderveka 2023: Framleis ledige fadderjobbar

Planlegginga av Fadderveka hausten 2023 er godt i gjenge og så langt har det meldt seg 130 studentar som ønsker å vere fadderar for nye studentar. Leiar i Faddervekestyret Marte Sørebo Pedersen seier at det framleis er plass til fleire fadderar. [Les meir på nettsidene våre, og meld deg som fadder](#).

Høgskulen i Volda har ledige studieplassar hausten 2023

Toget har ikkje gått om du vil studere til hausten! Høgskulen i Volda har ledige plassar til både gradsprogram, vidareutdanningar og anna. Vi har også opna for opptak direkte til ein skilde emne for søkarar som ikkje vil studere på heiltid. Det er to emne på musikk, eitt på teater og to på kulturmøte som no er tilgjengelege ut frå "først til mølla-prinsippet". Musikkfagleg innføring, Ensembleleiing, Voice acting, Brennpunkt Midtausten og Mikrohistorie er dei aktuelle emna. [Les meir og søk studieplass her](#).

Kva skjer i Volda og Ørsta? Sjekk ut nettsida orstavolda.no

På nettsida orstavolda.no er det ein veldig brei og oppdatert [kalender med oversyn over arrangement i Volda og Ørsta innanfor kultur- og idrett](#). Ørsta Næringskontor er [ansvarleg for nettsida](#) som også tek i mot tips og informasjon om arrangement.

Menyen i kantina for neste veke:

Måndag: chili sin carne med ris
Tysdag: fiskegryte med potetmos
Onsdag: pasta med kylling
Torsdag: potetball med tilbehør
Fredag: tacobuffé

Styre og stell

Høgskulen skal tilsette ny kommunikasjons- og marknadssjef - søknadsfrist 1. juni

Høgskulen har lyst ut stilling som kommunikasjon- og marknadssjef og søker etter ein erfaren og engasjert leiar, helst ein som meistrar både strategisk kommunikasjon og marknadsføring. Kommunikasjonssjefen rapporterer til høgskuledirektør, og er med i den administrative leiargruppa og får ansvar for eit kontor med fem medarbeidarar. Blant ansvaret er også å vere redaktør for høgskulen sine nettsider og å ha ansvar for strategisk rådgjeving og støtte til høgskuleleiinga i kommunikasjonsfaglege spørsmål, i alt frå språkpolitikk til krisekommunikasjon. [Les meir om stillinga på nettsidene våre.](#)

Her er dei nye faglege representantane i høgskulestyret

Resultatet av [valet av nye faglege tilsettere representantar](#) i høgskulestyret er at desse tre er valde: Randi Bergem, ASH, Silje Dahl, ASH og Per Halse, AHL vorte valde. Nummererte vara er 1. Karen Brønne, AKF, 2. Randi Myklebust, AHL og 3. Stein Conradsen, AHL. Det var i alt 181 faglege som røysta i valet.

Bjørn Tafjord valt som representant for administrativt tilsette

Resultatet av [valet av administrativt tilsett representant i høgskulestyret](#) vart at Bjørn Tafjord, ASH, vart valt. Som vara vart Cecilie Røeggen valt. Det var i alt 102 administrativt tilsette som røysta i valet.

Idrettsbygget: Styrkeromet er stengt på dagtid fram til 17. juni

Idrettsbygget er no rigga for eksamen. Idrettshallen og styrkerommet er difor stengt frå kl 0700-1700 alle kvardagar fram til 17. juni.

Fag og forskning

COST: Werenskjold-program omtala i "Success stories"

[Cost-action](#) prosjektet [NEP4DISSENT](#), som [professor Rolf Werenskjold](#) ved AMF har vore med i leiinga for, har i [Cost Actions årsrapport for 2022](#) blitt framheva som ei av fleire «Success stories». Med i Cost-action-prosjektet deltok også fleire frå AMF: Førsteamanuensane [Thomas Lewe](#), [Burcu Peksevgen](#), og [Endre Eidså Larsen](#).

Akademiet Yngre forskarar vil ha 10 nye medlemmer - frist 11. juni

Akademiet for yngre forskarar (AYF) har no opna for å ta inn 10 nye medlemmer. Frist for å melde seg er 11. juni 2023. Aktuelle søkarar må vere under 40 år, og medlemskapet varer i 4 år. Akademiet ønskjar seg forskarar frå alle typar institusjonar fagfelt og stillingskategoriar. Kriteria for medlemskap er omfattande og sjølvstendig forskning eller kunstnarleg arbeid, at ein har interesse og høve tilå delta i AYF sitt arbeid. [Her er utlysingsteksten](#).

Faglege arrangement - og fristar

Tilsette blir oppmoda til å legge ut informasjon om interne seminar og faglege arrangement på kalenderen på www.hivolda.no

Utlysing av professor/dosentstipend - søknadsfrist 20. juni 2023

Forskingsadministrasjonen har lyst ut professor-/dosentstipend med søknadsfrist 20. juni 2023. Stipendmottakarane blir valde ut på første møte i forskingsutvalet hausten 2023 etter innstilling frå ein kommisjon peika ut av rektor. Dei som søker om stipend må ta til med arbeidet 1. januar 2024. [Les meir om ordninga på nettsidene våre](#).

Konferanse om norsk som andrespråk på HVO 25.-26. mai 2023

Høgskulen i Volda, Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning, arrangerer den tiande NOA-konferansen om norsk som andrespråk på Høgskulen i Volda 25. og 26. mai 2023. Tema for

konferansen er "Språkleg og kulturelt mangfald i utdanning". [Les meir om konferansen på nettsidene våre](#).

Fagseminar: Om fortida i framtida på HVO 1.-2. juni 2023

Kva plass har språk-, litteratur- og kulturhistoriske emne i studie- og skulefaget norsk i framtida? Dette er tema for eit fagseminar som blir arrangert på Høgskulen i Volda 1. og 2. juni 2023. [Les meir om seminaret på nettsidene våre](#).

Fagseminar: Frå barnehagebarn til nynorskelev – den språklege overgangen frå barnehage til skule - 8. juni

Ein av dei første store overgangane i livet til borna våre er steget dei tek frå å vere eit barnehagebarn til å vere elev i eit klasserom. Kva skjer med språket til barna i møte med denne nye kvardagen, og korleis møter me desse språkbrukarane på best mogleg måte? Fagseminaret er eit samarbeid mellom Nynorsk kultursentrum, Høgskulen i Volda og Nynorsksenteret med vekt på forskning og fagleg utvikling. [Les meir om seminaret på nettsidene våre](#).

Fjordkonferansen - 20.-21. juni. Tema: Samarbeid

Fjordkonferansen 2023 blir arrangert i Loen 20 og 21. juni og temaet er Samarbeid. Dette er ein tverrfaglig konferanse og nær sagt alle typar samarbeid er velkome, men er spesielt invitert til faglege bidrag som kan koplast til tverretattlig og anna offentleg samarbeid, samarbeid i næringslivet, samarbeid mellom offentlege, og/eller kommersielle og ideelle aktørar, tverrprofesjonelt og tverrfagleg samarbeid, samarbeid mellom profesjonsutøvarar og brukarar, og kunstnarlegssamarbeid. [Les meir om Fjordkonferansen og Fjordantologien på nettsida til konferansen](#).

Felles sommaravslutning i kantina 23. juni kl 12.00

Alle tilsette på HVO er inviterte til felles sommaravslutning i kantina fredag 23. juni kl 12.00. Det er også ei rekke andre markeringar av års- og semesterslutt på Høgskulen i Volda. Avdelingane har sine sommaravslutningar på desse datoane: AHL 14. juni, AKF 14. juni, ASH 16. juni, AMF 22. juni

Læringsverkstaden: Utviklingsmidlar til studentaktive lærings- og vurderingsformer - løpande frist

Høgskulen i Volda ønsker å ha eit variert og nyskapande læringsmiljø med høg kvalitet, som det står i strategiplanen. Eitt tiltak for å nå dette målet er å tildele midlar til prosjekt innan studentaktive lærings- og vurderingsformer, og [Læringsverkstaden](#) inviterer tilsette på HVO til å sende søknader om

midlar til prosjekt. Prosjekta kan maksimalt få kr 50.000, og søknadene vert handsama etter kvart som dei kjem inn. [Meir informasjon om utlysinga er i nyhende-brev frå Læringsverkstaden.](#)

Nytt om namn

Vi vil gjerne sjå deg: Legg inn bilde på nettsida di på www.hivolda.no

Det er mange tilsette som har teke til i stilling på HVO no i haust. Alle tilsette får automatisk ei personleg side på www.hivolda.no. Alle tilsette blir med dette oppmoda til å legge inn bilde av seg sjølv på den personlege sida, så blir det lettare å bli kjent med mange nye ansikt. [Her er rettleiing til korleis ein skal oppdatere si personlege side.](#)



Frå venstre rettleiar Eija Pakarinen, doktorand Viola Soininen, opponent Siv Gamlem.

Siv Gamlem har mange hattar: Også på disputas i Finland

Professor Siv Gamlem, AHL/ped har mange faglege oppdrag i inn- og utland - og har nett vore opponent på ein disputas ved Universitetet i Jyväskylä, Finland. Og i Finland er skikken at rettleiar og

opponent skal bere hatt i den akademiske prosesjonen. Men legg frå seg hatten på bordet under sjølve disputasen. [Her er meir informasjon om denne finske skikken - og det høyrer faktisk også med eit sverd når doktorandane blir kreerte.](#)

Siv Gamlem skriv det slik: Kort kan det seiast at det er litt anna tradisjon for disputas i Finland enn i Noreg; berre ein opponent vert peika ut av Universitetet til endeleg kommisjon etter at to eksterne professorar har lest gjennom og gitt skriftlege kommentarar til kandidaten. Rolla til opponenten vert å slutføre kommisjonsarbeidet ved å gjennomføre ei endeleg evaluering av doktorgradsavhandlinga. Dette vert gjort skriftleg i tillegg til å halde ein munnleg eksaminasjon over alle delar av doktorgradsstudien, og å levere inn eit vurderingsskjema som viser karakterskåre på dei ulike delane av doktoranden sitt arbeid. Dette skjema vert fylt ut saman med ein professor ved verts universitetet. Her skal kandidaten få karakter både på det skriftlege arbeidet og på gjennomføring av den munnlege eksaminasjonen. Den skriftlege evalueringsrapporten som vert levert inn etter disputas er skrive av opponenten og skal også ha ei utdjupande beskriving over kvalitetar ved kandidatens arbeid. Arbeidsoppgåvene til opponenten er også fastlagt til festmiddagen, der opponenten er den første som skal halde tale til doktoranden.

Her er meir informasjon om avhandlinga som Gamlem var opponent på:

[«Teacher-child interactions in relation to teachers' stress, work engagement, and children's social competence».](#)

Publisering og formidling

Send gjerne tips!

Det er veldig kjekt å melde om nye publiseringar og formidling i nyhendebrevet, så send meg gjerne informasjon om ei bok, ein tidsskriftartikkel, ein kronikk eller anna du har fått publisert, og skriv gjerne også ei setning eller to om kva publiseringa handlar om. [Hugs også på å registrere publiseringane dine i Cristin.](#)

Hugs også å legge ved lenke til publiseringa

Nye rapportar, studentoppgåver og andre arbeid

Arkivet "Bravo" er Høgskulen i Volda's nettstad for formidling av bachelor- og masteroppgåver, forskingsrapportar og andre arbeid. Arkivet er gratis tilgjengeleg for alle på nettsidene til biblioteket ved Høgskulen i Volda. [Nye bidrag i Bravo finn du her.](#)

Stein Conradsen: Auka tillit til helsevesenet under pandemien

Førsteamanuensis Stein Conradsen har saman med Helge Skirbekk (UiO) og Morten Magelssen (Menighetsfakultetet) publisert ein artikkel med tittelen "[Trust in healthcare before and during the COVID-19 pandemic](#)" i tidsskriftet BMC Public Health. Resultata tyder på at den høge tilliten

nordmenn har til helsevesenet faktisk auka etter at pandemien braut ut i 2020. Dosent Arne Kåre Toppol, AHL/Realfag har bidrege med råd på statistikk.

Anne Randi Fagerlid Festøy i Spesialpedagogikk: Overgang barnehage - skule for barn med særskilte behov

[Førsteamanuensis Anne Randi Fagerlid Festøy](#), AHL/Ped er førsteforfattar på ein artikkel i tidsskriftet [Spesialpedagogikk nr 2/2023](#). Tittelen er *Overgang barnehage–skole for barn med særskilte behov – en systematisk litteraturgjennomgang fra perioden 2015–2021*. Artikkelen er skriven saman med Karianne Berg, førsteamanuensis, Nord universitet, Fakultet for lærerutdanning, kunst og kulturfag, Anne-Lise Sæteren, førsteamanuensis, NTNU, Institutt for lærerutdanning, Torill Moen, professor, NTNU, Institutt for pedagogikk og livslang Læring og Ingvild Åmot, professor, Dronning Mauds Minne Høgskole, Seksjon for pedagogikk.

Ledige stillingar

[Sjå alle ledige stillingar på nettsidene våre.](#)

[Førsteamanuensis/førstelektor/høgskulelektor i pedagogikk eller spesialpedagogikk](#) – søknadsfrist 21.5.

[Innholdsprodusent/ kommunikasjonsrådgivar](#) - søknadsfrist 22.5.2023

[Sivolda: Vaktmeister 100% stilling](#) - søknadsfrist 22.05.2023

[Førsteamanuensis, førstelektor, høgskulelektor i idrett/kroppsøving](#) - søknadsfrist 29.5.2023

[Kommunikasjons- og marknadssjef](#) - søknadsfrist 1.6.2023

[Stipendiatstillingar i helse- og sosialfag](#) - søknadsfrist 15.8.2023

Møte, seminar og anna på HVO:

[Oversyn over møte og sakspapir til sentrale råd og utval ved HVO.](#)

Faglege og sosiale arrangement og hendingar på og ved HVO:

Våren 2023:

- 25.-26.5.2023: [NOA - Nasjonal konferanse om norsk som andrespråk](#), HVO
- 31.5.2023: [Tekst og tanke](#), biblioteket
- 31.5.-1.6.2023: AMF Avdelingsseminar
- 1.-2.6.2023: [Fagseminar om fortida i framtida](#), HVO
- 2.6.2023: Disputas: [Stella Mililli](#), NTNU
- 2.6.2023: Disputas [Ingvild Helgøy](#), UiB
- 8.6.2023: [Fagseminar om overgangen frå barnehagebarn til nynorskelev](#), HVO
- 15.6.2023: [Høgskulestyret](#) (siste i styreperioden)
- 20.-21.6.2022: [Fjordkonferansen](#), Loen
- 23.6.2023: Felles sommaravslutning for alle tilsette, BK Kantina

Hausten 2023:

- 1.8.2023: Ny fireårsperiode for styre, rektorat og 3 dekanar
- 15.8.2023: [Studiestart studieåret 2023-2024](#)
- 4.-9.9.2023: [Sunnmøre Kammermusikkfestival](#)
- 7.9.2023: [Høgskulestyret](#)
[Animation Volda](#)
- 26.-27.10.2023: [Høgskulestyret \(seminar og styremøte\)](#)
- 7.12.2023: [Høgskulestyret](#)

Våren 2024:

- 7.3.2024: Høgskulestyret
- 8.5.-9.5.2024: Høgskulestyret (styreseminar og styremøte)
- 30.6.2024: Høgskulestyret

Faste lenker:

LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA

<https://www.hivolda.no/stilling>

REKTORBLOGGEN

18.5.2023: [Tilstandsrapporten 2023: Kva står der om Høgskulen i Volda?](#)

4.5.2023: [Orientering til høgskulestyret](#)

[Alle innlegga på rektorbloggen](#)

KVA SKJER I VOLDA OG ØRSTA?

[Rokken](#)

[ØrstaVolda.no](#)

HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.

[Finn-ein-forskar-på-HVO](#)

[Tiktok](#)

[Facebook](#)

[Instagram](#)

[Youtube](#)

[Finn-ein-forskar](#)

[HVO-blogger](#)

[Nynorsksenterets blogg](#)

[Fjordkonferansen](#)

[Løpande oppdatering av straumproduksjonen i solcelleanlegget \(Berte Kanutte-huset\)](#)

[Offentleg journal \(postliste\)](#)

[Nye bøker i HVO-biblioteket](#)

STUDENT- OG ØVINGSMEDIA:

[Knaggen](#) (portal for studentmedia)

[Studentradioen](#)

[StudentTV](#) - Sjå også [Youtube-kanalen](#)

[Radio Volda](#)

[Nærsynet](#)

[Nærnett](#)

Høgskulen i Volda

Tlf: [70075000](tel:70075000)

E-post: postmottak@hivolda.no

[Personvern](#)



[Endre kontaktinfo](#)

[Meld deg av e-postlista](#)

